

miljøpartiet  
dei grøne

oslo

# OSLOPROGRAM 2015-2019

Omsett av Oslo Mållag

<b>1. TENK NYTT – STEM GRØNT!.....</b>	<b>3</b>	Barnehagen .....	21
Våre kjernesaker 2015-2019.....	3	Grunnskulen.....	22
<b>2. VÅRE VISJONAR FOR OSLO .....</b>	<b>4</b>	Tilpassa opplæring.....	22
Ein nullutsleppsby .....	4	Psykososial oppfølging .....	22
Ein mangfaldig storby .....	4	Demokrati og lovleg fråvær .....	23
Ein aktiv samferdslepolitikk.....	5	Natur og rørsle .....	23
<b>3. EN SAMFERDSLEPOLITIKK SOM</b>		Vidaregåande skular .....	24
<b>PRIORITERER .....</b>	<b>6</b>	<b>8. DEN KOMPAKTE, KLIMANØYTRALE</b>	
Færre bilar .....	6	<b>BYEN .....</b>	<b>25</b>
Ta gatene tilbake!.....	7	Tettare og grønare .....	25
Ei heilhjarta sykkelsatsing .....	8	Gode bustader til alle .....	26
Eit betre t-banetilbod .....	9	Ein mangfaldig by .....	26
Frå trikk til bybane.....	9	Ein ny byakse: frå Vippetangen til Grünerløkka	27
Lokaltog og gods.....	9	.....	27
Framtida er fossilfri .....	10	Ein klimavenleg kommunal arkitekturpolitikk	27
Ein tilgjengeleg by for alle .....	11	Medverknad i byplanlegging .....	28
<b>4. NATUR, LUFT OG VATN.....</b>	<b>12</b>	<b>9. BYEN MED DET STORE HJARTET</b>	<b>28</b>
Oslomarka .....	12	Aktiv og sosial alderdom .....	29
Parkar, friområde og naturmangfald ..	12	Integrering.....	29
Fjorden.....	13	Ein trygg hovudstad .....	30
Vatn.....	13	Førebyggje radikaliserings.....	30
Luftforureining, støy og ljøs.....	14	Frivilligheit.....	31
Resirkulering og gjenbruk .....	15	Omsorg og behandling.....	31
<b>5. MITT NÆRMILJØ .....</b>	<b>16</b>	Medmenneskelegheit i sentrum .....	31
Den barnevenlege byen.....	16	Lågare tersklar i arbeidslivet .....	32
Urbant landbruk .....	17	Dyrevelferd.....	32
<b>6. Eit blømande kulturliv .....</b>	<b>18</b>	På lag med dei sosiale entreprenørane	33
Kultur der du bur .....	18	<b>10. NÆRINGSPOLITIKK FOR DET GRØNNE</b>	
Kunstmiljøa .....	18	<b>SKIFTET .....</b>	<b>33</b>
Kultur for born og unge .....	19	Gründerstimulering .....	34
Biblioteka .....	19	Bærekraftig finansklyngje.....	34
Kulturminnevern.....	20	Fleire næringsklyngjer.....	34
Idrett og friluftsliv .....	20	Offentlege innkjøp – grøn suksess gjennom	35
Friluftsliv i marka og fjorden .....	20	samarbeid .....	35
<b>7. LEIK OG LÆRING .....</b>	<b>21</b>	Forskning og innovasjon .....	35

# 1. TENK NYTT – STEM GRØNT!

Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer å modernisere Oslo og skapa ein berekraftig by med menneske i sentrum. Oslo manglar i dag ein overordna grøn politikk. Vi vil jobbe for å føre Oslo ut av oljealderen og inn i den fornybare tidsalderen. Utgangspunktet vårt er at mennesket er ein del av naturen, og at alt vi føretekk oss, må skje med respekt for naturen sine tolegrensar. Vi vil korkje til høgre eller venstre, men framover. Samfunnet si økologiske og sosiale berekraft må koma i fyrste rekkje.

## Våre kjernesaker 2015-2019

- Vi vil innføre ein samferdslepolitikk som verkeleg prioriterer. Vi vil redusere bilane sin plass i byen og gje meir plass til syklistar, gåande og kollektivreisande.
- Vi vil ha Oslo sentrum innanfor Ring 1 fri for privatbilar innan 2017, som del av ein langsiktig plan for å kraftig avgrense biltrafikk i Oslo.
- Vi vil gjera Oslo-lufta rein, gjennom både strakstiltak og langsiktige tiltak mot forureining frå mellom anna biltrafikk og vedomnar.
- Vi vil bevara Marka som natur- og friluftslivområde. Vi vil aldri forhandle bort Marka, og går inn for å etablere nasjonalpark i Østmarka og gjera Lillomarka til naturreservat.
- Vi vil behalde dei grønne lungene.
- Vi vil gjera det lettare å påverke eige nærmiljø gjennom politisk engasjement, mellom anna ved å gje bydelane større økonomisk handlingsrom og meir makt.
- Vi vil gjera Oslo til ein aktiv kulturhovudstad, og også skapa betre og fleire lokale kulturtilbod over heile byen.
- Vi vil syte for at alle born og unge får gå i barnehagar og på skular i eige nærmiljø og med tilstrekkeleg tal på pedagogar.

## 2. VÅRE VISJONAR FOR OSLO

### Ein nullutsleppsby

Bystyret har vedteke at klimagassutsleppa skal reduserast med 50 prosent innan 2030 i forhold til nivået i 1991. Men utviklinga har gått i motsett retning: Mellom 1991 og 2012 auka klimagassutsleppa med 20 prosent. Oslo er altså framleis på motsett kurs av kva bystyret har vedteke. Det trengst difor ein formidabel grøn snuoperasjon.

Det er fullt mogleg å kutte klimagassutsleppa drastisk i laupet av nokre år. Ved å redusere biltrafikken slik at kollektivtrafikken, syklistane og fotgjengarane får betre plass, leggje om til ein ikkje-fossil bilpark, fase ut fossil oppvarming og føre ei meir klimasmart byutvikling, er det ingen grunn til at Oslo ikkje skal bli ein nullutsleppsby. Alt som trengst, er politisk vilje.

Vi har alt å tene på å kutte klimagassutsleppa: betre lokalmiljø, mindre støy, mindre køar, nye framtidsetta arbeidsplassar og betre folkehelse. Klimaendringane er ikkje berre eit trugsmål; dei er ein spore til positiv endring. Eit ja til mindre klimagassutslepp er difor eit ja til ein betre by.

#### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Gjera Oslo til ein by utan netto klimagassutslepp innan 2030, utan kjøp av klimakvotar.
- Satse sterkt på lokal produksjon og forskning på fornybar energi.

### Ein mangfaldig storby

Oslo veks raskt. Dette inneber ikkje berre fysisk endringar, men også ei ny befolkningssamansetjing, med andre ynske og behov enn tidlegare. Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer eit Oslo med rom for alle. Vi vil styrkje bydelane, og leggje vekt på inkluderande tiltak i nærmiljøet. Vi vil ha eit Oslo som består av mange levande lokalsamfunn.

#### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Styrkje og vidareutvikle bydelane til å bli berekraftige lokalsamfunn som byggjer opp under verdiar som tilhøyrslø, verdigheit, meining og einskildmennesket sin fridom til å vera seg sjølv.
- Leggje til rette for lokale møteplassar som samfunnshus, ungdomsklubbar og seniorsenter, og bidra til møte på tvers av alder, bakgrunn og livssituasjon.
- Utvikle og støtte lågterskeltilbod i bydelane mot einsemd og psykiske lidningar.
- Støtte organisasjonar som arbeider med marginaliserte grupper og for større mangfald i samfunnet.
- Prioritere livskvalitet framfor materiell vekst.
- Styrkje handlingsrommet til bydelane, både politisk og økonomisk.
- Leggje til rette for utvikling av nye møteplassar, parkområde og lokale torg der folk bur.

## Ein aktiv samferdslepolitikk

Om lag ein femtedel av Noregs totale klimagassutslepp kjem frå trafikksektoren, men Oslos samferdslepolitikk er likevel prega av å halde fram med å leggje til rette for privatbilisme. Vi er nøydde til å endre kurs no: Miljøpartiet Dei Grøne vil ha ei klar prioritering av mjuke trafikantar, syklistar og kollektivreisande på kostnad av biltrafikken, slik at vi får ein sosial, effektiv og sunn måte å handtere reisande på.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Føre ein samferdslepolitikk som klart prioriterer mjuke trafikantar og kollektivtrafikk på kostnad av privatbilisme.
- Ha ei kraftig utbygging av kollektivtrafikken, slik at offentleg transport blir eit attraktivt og reelt alternativ til bil.
- Ha eit sentrum innanfor Ring 1 fritt for privatbilar innan 2017.

## 3. EN SAMFERDSLEPOLITIKK SOM PRIORITERER

Når Oslo veks, blir det meir trafikk. Mange ser på dette som eit problem. Miljøpartiet Dei Grøne ser på det som ei moglegheit til å omforme Oslo-trafikken frå dagens trafikkbilete, der bilane dominerer gatene, til eit der gåande, syklande og kollektivreisande dominerer. Dette krev at vi prioriterer trafikantgrupper når vi investerer i vegnettet, planlegg nye bydelar eller gatestrekningar, eller skal betre framkoma i byen. Ei slik prioritering er fråverande i dagens politikk, som er dominert av prioriteringane som er gjort i samferdslesatsinga Oslopakke 3.

MDG vil i tillegg til å oppnå null drepne i trafikken, auke helsegevinsten med transport som fysisk aktivitet, og redusere helseplagene som støy, vibrasjonar, luft- og vassforureining, og auke framkoma ved å redusere kø og trengsle på vegane og sluse midlar inn i kollektivtransporten.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Prioritere nokre trafikantgrupper etter fylgjande prioriteringsliste:
  1. fotgjengarar og utrykkingskøyretøy
  2. syklistar
  3. brukarar av offentleg transport
  4. motoriserte tohjulingar
  5. kommersielle brukarar inkludert varelevering og trailerar
  6. bilbrukande handlande, besøkjande pendlarar
- Gjera det enklare for einskildpersonar å la bilen stå i kvardagen, mellom anna gjennom å overoppfylle planane for sykkelveggar, styrkje bysykkelordninga, leggje til rette for bildelingsordningar med elbilar og gjera kollektivtransport meir attraktivt gjennom betre haldeplassar, betre ruter og enklare informasjon.

### **Færre bilar**

I laupet av nokre år må alle bilar i Oslo vera nullutsleppsilar, men sjølv om bilparken blir elektrifisert, må vi ta den største auken i reiser med kollektivtrafikk, gange og sykkel. Vi vil gje plass til dei mest miljøvenlege transportmidla og transportere flest mogleg menneske på det eksisterande vegnettet. Miljøpartiet Dei Grøne vil ha ein plan for omdisponering av vegnettet i Oslo.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Leggje om store delar av Oslos vegnett frå bilkøyning til sykkel, gange og kollektivtrafikk, mellom anna ved å stengje somme veggar for biltrafikk og etablere

kollektivfelt på fleire av dei viktigaste innfartsvegane, som E18 Drammensveien vestover, E6 Djupdalsveien, på Ring 3, på heile Ring 2 der det er fire felt, og oppgradere Trondheimsveien til miljøgate.

- Redusere biltrafikken med minst ein tredjedel innan 2030 og gje plass til fleire kollektivreisande, syklande og gåande ved hjelp av redusert vegkapasitet for bilar og gjennom auka bompengesatsar.
- Reforhandle Oslopakke 3, og skrinleggje all planlegging av kapasitetsaukande bilvegar, som E18 Vestkorridoren.
- Arbeide for å få stoppa fleire av vegprosjekta i andre fylke som vil auke bilkapasiteten på innfartsvegane til Oslo.
- Opprette minst éin effektiv korridor berre for bussar gjennom Oslo sentrum.
- Etablere ein blå og grøn sirkel av kollektivtrafikk rundt Oslo sentrum ved å omdisponere eit felt av Ring 3 til kollektivfelt og stimulere til at bussane blir nullutsleppskøyretøy snarast råd. Samstundes vil vi byggje ut eit større og effektivt ferjenett i indre Oslofjord basert på elferjer. Denne satsinga vil dirigere mykje av trafikken utanom Oslo sentrum og gjera kollektivtrafikken grønare og mindre sårbar for feil og forseinkingar midt i Oslo-navet.
- Oslo kommune skal leggje til rette for bildeling, mellom anna ved å tilby gratis oppstillingsplassar for bildelingsføremål i alle bydelar.

## Ta gatene tilbake!

Å gjera det attraktivt og enkelt å gå, dreier seg både om avstandar, trivsel og tryggleik. Vi vil ta gatene tilbake, slik at vi får ein triveleg og lett tilgjengeleg by for alle. Vi vil auke trafikktryggleiken ved å redusere fart og tungtrafikk gjennom bustadmiljøa og skulevegane i byen.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- At sentrum innanfor Ring 1 må bli fri frå privatbilar innan 2017.
- Innføre lågutsleppssone innanfor Ring 3 frå og med 2016, og trappe dette gradvis opp til eit forbod mot fossilbilar innan 2022.
- Forby bruk av dieslbilar innanfor Oslo frå og med 2016 på dagar der det er varsla høg luftforureining.
- Betra høvet for gange med breiare og betre vedlikehaldne fortau, turstiar og overgangar.
- At omsynet til mjuke trafikantar alltid blir prioritert i byutviklingsprosjekt, med spesielt fokus på born og unge, eldre og rørslehemja.
- At det blir etablert 30-soner eller bilfrie soner rundt alle barneskular for å unngå for mykje biltrafikk i områda og gjera det tryggare å gå til og frå skulane.
- Etablere fleire strøkgater i indre by, utan gjennomkøyring for biltrafikk.
- Avgrense tungtrafikken frå Huken pukkverk gjennom bumiljøa på Ammerud og Grorud.
- Innføre køprising innanfor bygrensa som eit strakstiltak.

## Ei heilhjarta sykkelsatsing

Dagens sykkelpolitikk byggjer på ei antaking om at mange byrjar å sykle dersom ein får fleire halvgode gang- og sykkelveggar, sykkelveggar, sykkelfelt eller etablerer blanda trafikk med 30-sone. Men røynslene frå både Oslo og andre byar viser at dette ikkje stemmer. Dimed står det meste av Oslos såkalla hovudsykkelvegnett ferdig, utan at sykkeltrafikken har eksplodert av den grunn. Vi må difor tenkje nytt innan sykkelpolitikken.

Fotgjengarar, syklistar og bilar skal kunna røre seg mest mogleg uavhengig av kvarandre. Å skilja desse tre typane trafikantar gjev både auka effektivitet, framkome og færre ulukker – men fyrst og fremst gjev det ei auka oppleving av tryggleik, som gjer at mange fleire grupper vil tora å ta sykkelen og beina i bruk.

Vi vil auke ambisjonsnivået og arbeide for at 25 % av daglege reiser i Oslo blir gjennomførte på sykkel i 2025. Målet vårt er at det alltid skal vera lettare å sykle enn å ta bilen for å gjennomføre dagens gjeremål.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Starte ei omdisponering av gate- og vegareal som underbyggjer sykling, og etablere eigne sykkelfelt som blir opplevde som trygge av brukarane.
- Utbetre høge kantsteinar og andre unaudsynlege hindringar i sykkeltraseane.
- Prioritere ombygging av kryss og rundkøyringar etter modell frå Nederland, slik at syklande, fotgjengarar og motortrafikk blir skilde i størst mogleg grad.
- Gjennomføre eit sykkellyft for skuleborna i byen. Ambisjonen er at alle skuleborn skal ha ein trygg skuleveg og høve til å nytte sykkel til skulen.
- Halde sykkeltraseane frie for snø og is om vinteren.
- Oppgradere gang- og sykkelvegane langs innfartsårene til sykkelekspressveggar, med nye trasear der det i dag er for bratte bakkar og krappe svingar.
- At bysykkelordninga blir utvida slik at ho i 2017 dekkjer heile byggjesonen, og at Groruddalen blir etablert som prøveprosjekt for å teste ut korleis ein mest mogleg effektivt utvidar bysykkelordninga utanfor ringvegen.
- Greie ut reklamefri utviding av bysykkelordninga.
- Leggje til rette for auka bruk av elsyklar, under dette utvide bysykkelordninga slik at ho også omfattar sykklar med elmotor.
- Kople saman systema til Ruter og bysykkelordninga, slik at ein kan låne sykkel dersom ein har månadskort hjå Ruter.
- Gjera det mogleg å delta i bysykkelordninga frå og med fylte 16 år.
- Tilby utleige av fraktskyklar knytt til bibliotek, avfallsstasjonar, studentbyane og ved kollektivknutepunkt.
- At det blir etablert bysykkelstativ ved alle utdanningsinstitusjonar og studentbyar og i alle bydelssenter og ved viktige handelssenter.
- At kommunen lagar eit prøveprosjekt der ein låner ut elsyklar på mellombels basis, tilsvarande prøvekjøre.no.
- At bysykkelordninga også skal ha tilbod om barnesyklar og sykklar med barnesete.
- Gjennomføre eit sykkelparkeringslyft i heile byen. Dette innber storstila utbygging av sykkelparkeringsmoglegheiter i sentrum og ved bydelssentera, og utbygging av sykkelhotell i nærleiken av kollektivknutepunkt. Det skal også leggjast til rette for parkering av fraktskyklar og ladestasjonar for elsyklar.



- Utvide kapasiteten i Plan- og bygningsetaten slik at dei kan prioritere reguleringsplanar for sykkeltiltak.
- Leggje til grunn beste praksis frå land som Nederland og Danmark ved utforming av nye sykkelveggar, også der norske vegnormalar stiller lågare krav.

## Eit betre t-banetilbod

Fellestunnelen for t-bana mellom Majorstuen og Tøyen er ein flaskehals som avgrensar passasjerkapasiteten kraftig. Difor må det byggjast ein ny t-banetrasé gjennom sentrum raskast mogleg. Komande utgreiingar og planarbeid vil vise kvar det er mest føremålstenleg.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Ha ein ny t-banetrase gjennom sentrum raskast mogleg.
- Forlengje t-baneline 2 frå Ellingsrudåsen til Ahus og på litt lengre sikt vidare til Lillestrøm.
- Starte bygginga av Fornebubanen.
- Byggje den påtenkte tverrgåande t-banelina mellom Økern og Furuset.
- Ha fleire kvelds- og natrutar på t-bana.
- Kontinuerleg ruste opp t-banenettet for å få auke snøggleiken.

## Frå trikk til bybane

Oslo treng nye trikkar, og prosessen med å velja trikkar er alt i gang. Vi må investere for ein langt større trafikk enn dagens. Dette krev trikkar med fleire sete, høgare fart og frekvens. Vi må gå frå bytrikkar i blanda trafikk til bybaner på separate trasear. Vi treng også å utvide linenettet, spesielt på austkanten, der mykje av folkeveksten er forventa å koma.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Gjera om dagens trikkenett til eit bybanenett med separate trasear og bruke lange trikkar som kan køyre raskt.
- Gjera om dei mest trafikkerte bussrutene til bybane.
- Ha trikk til Tonsenhagen og Kværnerbyen.
- Byggje ein bybanering langs Ring 2.
- Byggje den lenge påtenkte trikketraseen i Frederiks gate, mellom Nationaltheatret og Tullinløkka, og opne for ein framtidig sentrumsring med trikken.

## Lokaltog og gods

Satsing på jernbanen er avgjerande for å få til det grønne skiftet. Lokaltoga er heilt sentrale i det regionale kollektivsystemet og for å redusere vegtrafikken over Oslos grenser. Godstrafikken står for store delar av klimagassutsleppa og bidreg i stor grad til dårleg luftkvalitet i byen. Meir gods over frå veg til bane vil avlaste vegnettet.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Arbeide for at staten fylgjer opp utbygging av jernbana i Oslo-området og prioriterer lokaltrafikken på jernbanenettet høgare.

- Arbeide for at bygging av ein ny jernbanetunnel gjennom sentrum kjem i gang så raskt som mogleg.
- Innføre gratis sykkel på tog utanom rushtida.
- At Flytoget berre skal køyrast mellom Oslo S og Oslo Lufthavn, og at Oslotunnelen skal prioriterast for lokalreiser.
- At jernbanestasjonane i Oslo blir lagde betre til rette for overgang mellom tog, trikk og t-bane. Dette gjeld til dømes Ensjø, Grefsen/Storo, Bryn/Brynseng, Skøyen og Hauketo/Ljabru.
- At strekninga mellom Asker og Lillestrøm skal ha 5-minuttsfrekvens og at kommunen skal prioritere fortetting rundt jernbanestasjonane.
- Arbeide for dobbeltspor for snøggtoget frå Oslo til Hønefoss, Lillehammer, Skien og Halden.
- Arbeide for å få meir gods over på jernbane.
- Innføre avgift for tungtransport i indre by.
- Etablere fleire forsøk med omlastingssentralar for å redusere tungtransporten i Oslo.

## Framtida er fossilfri

Sjølv om dei fleste i Oslo kan klare seg godt utan, vil det alltid vera nokon som har behov for bil. I dei seinare åra har det vore ein stor vekst i talet på elbilar på Oslo-vegane. Dette er bra, men framleis veks fossilbilparken langt raskare enn elbilparken. Målet vårt er at alle bilar i Oslo er nullutsleppsbilar i 2030.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Støtte initiativ som kan gjera det enklare å la vera å eige bil, sjølv for dei som treng det frå tid til anna, inkludert samkøyring, bildelingsordningar, bilkollektiv og sjølvkøyrande bilar.
- Auke takta i utbygginga av ladestasjonar for elbilar.
- Gjera eksisterande bilfelt om til miljøfelt dersom elbilane i kollektivfelta hindrar bussane.
- Redusere talet på fossilbilar og -bussar i Oslo med 90 % innan 2030 (basert på 2015-nivå).
- Elektrifisere ferjene.
- Fjerne eller leggje avgifter på alle kommunale gratisparkeringsplassar for fossilbilar innanfor Ring 2, med unntak for plassar for rørslehemja.
- Auke prisen på dei kommunale parkeringsplassane slik at prisen blir minst like høg som i parkeringshusa ved Ring 1.
- Auke talet på elbilparkeringsplassar på kostnad av plassar til fossilbilar.
- Forme ut ein konkret plan for å gradvis redusere talet på normale parkeringsplassar. Kvart år kan eit visst tal omgjerdast til parkeringsplassar for bildelingsordningar, medan andre kan brukast til sykkelfelt, vegetasjon, bymøblar eller anna.
- At alle drosjeløyve skal krevja nullutsleppsbilar innan 2022.
- Etablere ein kommunal samordningsentral for alle etatar i Oslo kommune, slik at bilparken til kommunen kan brukast mest mogleg effektivt.
- At kommunen hjelper burettslag med å leggje til rette for elbilar.
- Jobbe for at alle skip som ligg i Oslo hamn, skal bruke landstraum.
- Miljøpartiet vil jobbe for at nyttetransport og varelevering skal gå føre seg på ein måte som reduserer utslepp og plager, men samstundes på ein smidig og gjennomførbar måte.
- At alle kommunale verksemder skal kunna tilby sine tilsette å bruke elsykkel framfor bil på tenestereiser.

## Ein tilgjengeleg by for alle

Godt tilgjenge vil ikkje berre seia at kollektivtransporten skal vera universelt utforma, men at heile reisekjeda skal vera det. Dette tyder at også gater, vegar og plassar må ha universell utforming. I tillegg må kollektivtilbodet møte behovet også utanfor rushtida.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- At heile Oslos kollektivsystem blir gjennomgått, og at ein plan for universell utforming blir utarbeidd, slik at heile reisekjeda frå folks heimar til arbeidsplassar, butikkar og andre mål, er universelt utforma.
- Gje dei som mottok økonomisk sosialhjelp, fribillett hjå Ruter.
- Arbeide for at også vegar og plassar er universelt utforma.
- Utvide det nattlege kollektivtilbodet.
- Styrkje kollektivtilbodet i Groruddalen med fleire tverrgåande ruter i dalen.
- Greie ut ferjetilbod frå Bispevika til dei inste øyane i Oslofjorden.

## 4. NATUR, LUFT OG VATN

Oslo ligg svært godt til, omkransa av skog og fjord, men har også eit avgrensa vekstareal. Høg folkevekst gjev Oslo moglegheiter, men krev også gode planar og strategiar for å ta vare på og restaurere vass- og luftkvalitet, biologisk mangfald og grøntareal. Klimaendringane gjer at vi må tenkje nytt og smart, slik at vi kan gjera samfunnet robust mot kraftigare og hyppigare nedbør.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Innføre indikatorar og berekraftmål med vekt på klima, natur og livskvalitet i samband med Oslo-budsjettet, og innføre ei årleg handsaming i bystyret om status og nye tiltak for å nå måla.

### Oslomarka

Skogane rundt Oslo har nasjonalt og internasjonalt unike naturverdiar som må takast vare på. Bevaring av markagrensa er viktig for naturopplevingar, friluftsliv, og for det biologiske mangfaldet. Miljøpartiet Dei Grøne vil difor føre ein politikk som ikkje berre vernar dagens naturverdiar, men som også gjenskaper opphavlege naturverdiar og økosystem som har blitt øydelagde.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Sikre markagrensa.
- Etablere nasjonalpark i Østmarka og greie ut moglegheita for Lillomarka som naturreservat.
- Verne «eventyrskogar» i Marka, bevare Ravnkollen og Sørkedalen mot utbygging.
- Skogbruket må drivast meir skånsamt, og langt større område bør vernast mot inngrep. Slik vil vi starte arbeidet med ei restaurering av store og samanhengande villmarksprega område i Oslomarka.
- Starte arbeidet med ei restaurering av store og samanhengande villmarksprega område i Oslomarka.
- Gå i mot oppretting av aktivitetssoner som vil ta 10 prosent av Oslomarkas areal.
- Verne om ynglande ulv i Oslomarka.
- Etablere parsellhagar, skulehagar og eit økologisk jordbrukscenter på Grønmo.

### Parkar, friområde og naturmangfald

Grøntareal og parkar skaper trivsel og gjev betre psykisk og fysisk helse. Dei bidreg til biologisk mangfald, betre luftkvalitet og vernar mot overfløymingar i eit våtare klima. Oslo er den kommunen i Noreg med flest påviste artar. Vi vil sjå til at Oslo kommune tek sin del av ansvaret for å bevare Noregs biologiske mangfald.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Verje biologisk viktige område, parkar og friområde mot all utbygging gjennom nye føresegner til anleggs- og riggområde.

- Gje parkane og grøntareala i byen eit kvalitetslyft, gjennom auka og øyremerkte løyvingar, og ved å gje Bymiljøetaten eit overordna ansvar for vedlikehald og kvalitet.
- Etablere ei ordning for miljøkoordinatorar.
- Premiere bydelar for «beste grønne tiltak».
- Forby bruk av eingongsgrillar i offentlege parkar og friområde, **til fordel for fleire permanente fellesgrillar.**
- Kartleggje og innføre urbant naturvern av område med høg biologisk verdi.
- Gå inn for ei forsvarleg avvikling av alle mellombelse inngrep i parkar og grøntområde innan 2022.
- Syte for varig vern av Maridalen, Akerselva miljøpark, Bygdøy, Hovedøya, Ravnkollen, Østensjøvannet og Ekebergskrenten mot utbygging, og frede Ekebergsletta og friområda på Brannfjell og Ryen Varde.
- Bevara, oppgradere og restaurere samanhengande grøntdrag som er viktige for dyr og biologisk mangfald, som ved Alnaelva, Ljanselva og Tøyenparken og Ulven Byskog.
- Plante ut parkar med bie- og humlevenlege plantar og matnyttige buskar og tre, og hindre unautsunnleg kantslått, for å bevara økologisk viktige pollinerande insekt.
- Ta vare på naturmangfaldet langs Alnaelva med samanhengande grøntdrag gjennom heile Groruddalen, og i størst mogleg grad få alle bekker og andre vassdrag opp i dagen.
- Plan- og bygningsetaten utarbeidde i 2010 ein ny grøntplan for Oslo, som på ein god måte viser korleis grøntstrukturen i byen kan bevarast og styrkjast. Planen er førebels ikkje blitt formelt vedteken. MDG vil jobbe for at planen blir vedteken og får den statusen som trengst for å sikre byutvikling som tek vare på og styrkjer grøntverdiar.

## Fjorden

Oslofjorden har vore hovudinnfartsåra til Noreg, og er uløseleg knytt til byens identitet. Miljøpartiet Dei Grøne vil forsvare allemannsretten, redusere forureininga og halde strandlina og øyane tilgjengelege som rekreasjonsområde.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Gå i mot all form for botntråling i Oslofjorden.
- Etablere eit nasjonalmarint verneområde i Oslo- og Drammensfjorden.
- Fylgje opp arbeidet med å sikre god vasskvalitet i fjorden.
- Oppgradere Hvervenbukta og leggje til rette for fleire offentlege strender.

## Vatn

Oslo har mange tette flater og er under sterk fortetting, noko som i kombinasjon med klimaendringane vil gje meir overvatn. Overflatevatn er ofte forureina og kan skada parkar, grøntanlegg, bygningar og infrastruktur, og utgjera helsemessig fare.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Sikre at alle byggjeprojekt fylgjer forskrifter om gode avrenningsforhold, med mellom anna open overvasshandtering og fleire regnbed.
- Innføre grønne tak der det bidreg til både overvasshandtering og biologisk mangfald.

- Forbetre og vidareutvikle Oslo kommunes klimarekneskap.
- Innføre klimagassrekneskap på bydelsnivå.
- Gjenopne lukka elvar og bekker der det er mogleg.
- Prioritere tryggleiken i vassforsyninga og trappe opp rehabiliteringa av vassleiingsnett.
- Redusere vassforbruket gjennom kampanjar, insentivordningar og ny teknologi.

## Luftforureining, støy og ljøs

Luftforureininga i Oslo er eit helseproblem, og bryt med internasjonale og nasjonale grenseverdier. Biltrafikk er den største kjelda til utslepp. Det trengst difor både strakstiltak på dagar med varsla dårleg luft, og langsiktige tiltak som reduserer totalutsleppa. Støy- og ljøsforureining er til sjenanse både for folkesetnaden og naturen rundt oss.

Oslo kommune skal konsekvent fylgje nasjonale mål og retningsliner for arealplanlegging og ikkje tillate bustadbygging, barnehagar eller annan kjenslevar arealbruk i soner med helsefarleg luftforureining og støybelastning.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Innføre lågutsleppssone innanfor Ring 3 frå og med 2016, og trappe dette gradvis opp til eit forbod mot fossilbilar innan 2022.
- Forby bruk av dieselbilar innanfor Ring 3 frå og med 2016 på dagar der det er varsla høg luftforureining.
- Setja i verk fartsreduserande tiltak for å redusere luftforureining og støy.
- Greie ut moglegheita for å skifte til asfalt som gjev mindre støv ved høg trafikkbelastning.
- Auke insentivordningane for utskifting av gamle vedomnar.
- Påleggje Hafslunds fjernvarmeanlegg på Haraldsrud ein reduksjon av NO<sub>x</sub>-utslepp og svevestøv.
- Innføre varslingstelefon som innbyggjarane kan vende seg til når dei opplever nabostøy.
- Ta vare på stillesoner og opparbeide nye, slik at alle har tilgang til stillesoner i nærmiljøet sitt.
- Minimere støy gjennom planlegging og utforming med meir utplanting langs vegar og eit forbod mot utandørsreklame med ljod.
- Fortlaupande skifte ut kommunale ljøsarmatur med typar som minimerer ljøsforureininga.
- Jobbe for at bystyret formar ut ein konkret plan for å minimere ljøsforureininga, både med tanke på noverande struktur og krav som blir stilte for framtidige bygningar, skilt, kunst og anna ljøssetting.
- Byggje grønne lok over delar av E6 for å for å redusere forureining og støy, og for å gje meir grøntareal og moglegheit for bustadbygging langs og over E6.
- Vurdere moglege tiltak for å redusere matkasting, inkludert differensierte avgifter for ulike typar avfall, strengare reglar for matbutikkar og å styrkje Matsentralen og tilsvarande ordningar.
- Leggje til rette for bruktmarknader i bydelane.

## Resirkulering og gjenbruk

Både i Oslo og resten av Noreg har folkesetnaden eit høgare forbruk av ikkje-fornybare ressursar enn kva som er berekraftig. Oslo kommune kan spela ei viktig rolle i å redusere dette ved å leggje til rette for resirkulering og gjenbruk.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Påby at all emballasje som blir seld i kommunen, skal vera resirkulerbar innan 2025, og forby sal av ikkje-nedbrytbare plastposar i Oslo innan 2018.
- Innføre kjeldesortering av papir, plast og matavfall i offentlege bygg og næringsbygg, med skular som prioritert satsingsområde.
- Leggje til rette for at brukbart utstyr frå Oslos avfallsstasjonar blir samla inn og gjeve bort/selt til Oslos befolkning.
- Utvide og styrkje ordninga med minigjenbruksstasjonar. Vi vil ha fleire stader å gje bort og få brukbare ting, og gjera tenesta betre kjend og brukt.
- Greie ut korleis kommunane kan leggje betre til rette for at verksemder, organisasjonar, offentlege einingar og einskildpersonar kan gje bort og byte brukbare gjenstandar framfor å kaste dei.
- Setja opp fleire permanente fellesgrillar og innføre fleire ordningar for utlån av grillar og sportsutstyr i parkane i byen, etter modell frå Grünerløkkas Nyttig i park.

## 5. MITT NÆRMILJØ

Miljøpartiet Dei Grøne er eit grasrotparti. Vi vil gje bydelane større politisk og økonomisk handlekraft. For å oppnå dette vil MDG innføre eigedomsskatt med eit botnfrådrag på 3 millionar kroner for å sikre grunnleggjande velferdstenester, handlingsrom for bydelane og nedbetaling av gjeld. Alle bygg som er verna eller på gul liste, blir fritekne frå eigedomsskatt.

Ved å styrkje Oslos levande lokalsamfunn, og gje gode moglegheiter for medverknad, gjer vi Oslo til ein tryggare, venlegare og meir inkluderande by.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Styrkje bydelane sitt politiske og økonomiske handlingsrom.
- Gå inn for ei prøveordning der bydelsdirektørane skal tilsetjast av bydelsutvala.
- Vidareføre Groruddalssatsinga, Tøyensatsinga og satsinga for Oslo Sør i nært samarbeid med bydelane.
- Støtte etableringa av møteplassar for samfunnsnyttige og miljøvenlege aktivitetar på tvers av generasjonar, som gjenbruksbutikkar, utstyrsbibliotek, reparasjonsverkstader og gjenbruksstasjonar.
- Opprette eit LHBTQ-råd for Oslo i samarbeid med LHBTQ-sivilsamfunnet i Oslo, etter modell frå Göteborg.
- Utvikle og støtte lågterskeltilbod i bydelane mot einsemd og psykiske lidingar.
- Støtte organisasjonar som arbeider med marginaliserte grupper og for større mangfald i samfunnet.
- Leggje til rette for lokale deleordningar, som bilkollektiv, felles hagereiskapar, arbeidsfelleskapar og andre ressurs sparende tiltak.
- Gjennomføre fleire politiske folkemøte og styrkje brukarmedverknaden i lokale planprosessar.
- Påby tydeleg merking av retusjering av menneske i reklame i det offentlege rommet.
- Jobbe for at parkar, plassar, torg og andre offentlege fellesareal skal vera tilgjengelege for folk flest utan at ein treng å bruke pengar.
- Få sett i gang ei evaluering av styringsmodellen til Oslo kommune.
- Styrkje varslarar sine rettar.
- Jobbe for prøveprosjekt med røysterett for 16-åringar i Oslo.
- Leggje til rette for og støtte opp om møteplassar for LHBTQ+.
- At alle kommunale dokument skal vera kjønnsnøytrale og ikkje-heteronormative.
- Stimulere til levande lokalmiljø i bydelane ved å leggje praktisk til rette for småskala næringsverksemd som kafear, butikkar, etc.

## Den barnevenlege byen

Nærmiljøet er aller viktigast for born og unge. Vi vil skapa ein barnevenleg by som tek vare på unge si helse, fysiske og sosiale ferdigheiter, og gjev nærleik til naturen og samfunnet.



### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Sikre lokale ungdomsklubbar.
- Innføre fleire leikeplassar, spesielt i dei sentrumsnære bydelane og «eventyrleikeplassar» med moglegheit for leik og bygging av hyttelandsbyar langs elvane i byen, ved fjorden, i små skogholt og i parkane.
- Leggje til rette for at bynære gardsbruk og andre aktørar kan samarbeide med skulen om tilbod til born og unge med skuletilpassingsvanskar.
- Sikre born og unge medverknadsrett når eit byområde skal vidareutviklast. Involvere ungdomsråda i bydelane i slike prosessar.
- Gje ein representant frå Sentralt Ungdomsråd tale- og forslagsrett i bystyret.

## **Urbant landbruk**

Urbant landbruk kan gje både kunnskap, glede og ikkje minst kortreist og sunn mat. Parsell- og kolonihagane er allereie gode møteplassar og læringsarenaer. Vi ynskjer å styrkje moglegheitene for å dyrke mat i byen.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Sikre eksisterande parsell- og kolonihagar og leggje til rette for nye, og setje av midlar til fleire skulehagar.
- Etablere eit kompetansesenter for urbant landbruk.
- Innføre innkjøpsavtaler for lokalproduserte matvarer i alle kommunale institusjonar og kantiner, så langt det er mogleg.
- Støtte urban dyrking, birøkt og besøkgardar, og støtte vidare utvikling av bynære matsystem.
- Leggje til rette for fleire takhagar.
- Oppfylle handlingsplanen for berekraftig mat i Oslo.
- Etablere fleire demonstrasjonshagar, i likskap med til dømes Vøienvolden park.

## 6. Eit blømande kulturliv

Oslo har eit velutvikla kulturtilbod, og markerer seg internasjonalt som ein kunstby. Meir enn halvparten av norske kunstnarar i notida bur i Oslo, noko som gjev hovudstaden eit spesielt ansvar som utviklar og tilretteleggjar for Noregs kunst- og kulturliv. Også innan idrett- og friluftsliv har Oslo kommune eit stort ansvar for å vareta ei rekkje behov, både for organisert idrett, friluftsliv og mosjon.

Vi vil skapa eit deltakande, innovativt og omstillingsdyktig samfunn, som konsoliderer Oslos posisjon som ein grøn, mangfaldig og kreativ kulturby.

Omtrent ein tredjedel av Oslos innbyggjarar har innvandrarbakgrunn. Ved å leggje til rette for ein sterk og mangfaldig kultursektor, styrkjer vi også viktige møteplassar for integrering og utveksling av kulturuttrykk.

### Kultur der du bur

I dag finst det meste av Oslos underhaldningstilbod i sentrum. Kortreiste kunst- og kulturopplevingar og aktivitet styrkjer nærmiljøet, aukar lokal tilhøyrslø og kan bidra til mindre transportbehov.

#### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Etablere bydelsnære kultur møteplassar over heile byen.
- Fremja kortreiste kulturaktivitetar som teaterscener, ulike verkstader og lokale utstillingar og festivalar.
- Fylgje opp planen for gatekunst.
- Utsmykke bydelsparkane med kunst.
- Realisere kino i Groruddalen.
- Sikre vidareføring av støtte til gratis- og rusfrie kulturfestivalar som til dømes Granitrock og Melafestivalen.

### Kunstmiljøa

Miljøpartiet Dei Grøne vil styrkje kunstmiljøa og kunstnarane i byen. Kostnadene for lokale har auka kraftig dei seinare åra. Oslo manglar i dag ein heilskapleg strategi for bruk av musikk- og kulturlokale og gatekunst.

#### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Sikre Oslo-teatera ei føreseieleg finansiering, inkludert dei frie teatera.
- Gje profesjonelle musikkutøvarar føreseielege løyvingar.

- Etablere ei forsøksordning med eit bustadprosjekt for samlokalisering av unge kunstnarar.
- Sikre at offentlege område og lokale er tilgjengelege for konsertar og festivalar og øving.
- Sikre vidareføringa av subsidieordninga for kunstnaratelier, og leggje til rette for at ledige kommunale lokale kan brukast av kunstnarar.

## Kultur for born og unge

Alle born og unge skal få eit godt tilbod om kreativ utfalding. Vi vil styrkje kulturskuletilbodet i Oslo, slik at vi unngår lange ventelister og får eit tilbod alle har råd til. I det grøne Oslo skal alle få eit godt kulturtilbod uavhengig av kvar dei bur eller kva foreldra deira tener.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Sikre eit mangfaldig kulturtilbod for born og unge, med korps, kor, amatørteater og andre organiserte frivillige kulturaktivitetar.
- Styrkje Oslo musikk- og kulturskule (OMK) ved å sikre støtta, opprette fleire plassar, ha utlånsavtaler med skulane, tilsetja fleire pedagogar og senke avgiftene.
- Støtte talentutviklinga i OMKs laurdagsskule.
- Styrkje den økonomiske sjølvrådetretten til kulturinstitusjonar, slik at dei kan bruke pengar på kultur og ikkje husleige, slik som Filharmonien, som må betale husleige på eige konserthus.
- Vidareføre støtta til lokale festivalar for born og ungdom.
- Gje gode vilkår til scenekunst for born, unge og vaksne, som til dømes Teaterforum.
- Gjeninnføre gratis kulturklippekort for ungdom.
- Vidareutvikle det gode arbeidet som blir gjort med Den kulturelle skulesekken.
- Leggje til rette for kulturtilbod der alkoholsal ikkje treng å vera ein føresetnad for lønsam drift.

## Biblioteka

Miljøpartiet Dei Grøne vil sikre bibliotekstenesta over heile byen og styrkje folkebiblioteka si viktige rolle som ikkje-kommersielle lokale møteplassar, med eit tilbod som er tilpassa folkesetnaden i den einskilde bydelen.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Oppretthalde alle folkebibliotekfilialar i Oslo.
- Vidareutvikle biblioteka som ein møteplass for litteratur, debatt og kulturopplevingar, mellom anna ved å sikre tilstrekkeleg bemanning.
- Auke grunnstøtta og ressursane til utlånsmateriell ved filialane.
- Opne for fleire sundagsopne sjølvteinte bibliotek.

## Kulturminnevern

Kulturminnevern er ein viktig del av Oslos kulturpolitikk. Dette vil bli spesielt viktig etter kvart som byen blir fortetta.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Etablere støtteordningar for verna og freda bygningar og den gamle trehusbusetnaden i Oslos randsone.
- Leggje til rette for at verneverdige og freda bygningar kan takast i bruk på ein fornuftig og ikkje-øydeleggjande måte.
- Auke tilskotet til byantikvaren for registrering av nyare tids kulturminne.
- Ta vare på historiske lokalitetar, helleristingar, gravminne og andre fornminne.
- Bevara dei nasjonale kulturminneverdiane på Tullinløkka.
- Styrkje bevaring og formidling av immateriell kulturarv i bybiletet, som kjem til uttrykk mellom anna i handverkstradisjonar, folkemusikk og folkedans.

## Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv gjev betre livskvalitet og helse. Miljøpartiet Dei Grøne vil difor leggje til rette for idrett, mosjon, leik og friluftsliv.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Opne skuleanlegga for aktiv bruk utanfor skuletida.
- Sikre aktivitetssoner i nye bustadområde i byen gjennom rekkjefylgjeføresegner.
- Føre opp treningsapparat i parkar og nær turløyper, tilpassa ulike aldersgrupper.
- Ta vare på løkkene i byen for frie aktivitetar og ballspel.
- Realisere fleirbrukshallen på Grorud.
- Greie ut behovet for ein fleirbrukshall i Tøyenområdet.
- Støtte organisert breiddeidrett og syte for at slike tilbod er tilgjengelege for alle.

## Friluftsliv i marka og fjorden

Ein viktig del av Oslos tradisjonelle kultur er knytt til friluftslivet. Naturopplevingar styrkjer også forståinga for naturens verdi, både for oss og i seg sjølv.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Styrkje ordningar som Den naturlege skulesekken, slik at komande generasjonar kan bli glade i og få kunnskap om natur og friluftsliv.
- Styrkje og opprette nye utlånsordningar for fritidsutstyr til born og vaksne (ski, skøyter, klatrestyr, etc.).
- Etablere fleire turtrasear i byen og styrkje kollektivtilbodet til Marka og offentlege strender.
- Leggje til rette for det uorganiserte friluftslivet, som sykkel, jogging, badeplassar og tur i marka.

# 7. LEIK OG LÆRING

Oslos skular og barnehagar skal sikre at born og unge utviklar seg til skapande menneske med sjølvtilitt og sjølvinnsikt, og med forståing og vilje til å ta ansvar for seg sjøve, miljøet og omgjevnadene. Vi vil sikre at det er pedagogar nok i barnehagane og skulane, og syte for at dei som treng det, får kvalifisert psykososial oppfylgning. Miljøpartiet Dei Grøne vil ha nærskular der born med ulik sosial, etnisk og økonomisk bakgrunn møtest og lærer å respektere kvarandre, og der det samstundes blir tilbode tilpassa opplæring for det einskilde barnet.

## Barnehagen

Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer å vareta borna sine behov for omsorg og leik, og samstundes fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Mangel på kvalifiserte pedagogar svekkjer den målsetjinga. Miljøpartiet Dei Grøne vil leggje til rette for pedagogisk mangfald og ulike former for barnehagar, og sikre at bydelane har kompetanse til å møte behova til born med nedsett funksjonsevne, avgrensa språkkunnskapar og andre spesielle behov.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Leggje til rette for at born får gå i ein barnehage i eige nærmiljø, gjennom eitt hovedopptak etterfylgt av laupande opptak gjennom heile året, og sikre at sysken får plass i same barnehage.
- Oppretthalde tilbod om open barnehage.
- Tilby gratis kjernetid i barnehagar til born frå familiar med låg inntekt og til minoritetsspråklege born.
- Gje den einskilde barnehagen fridom til å utvikle eigenart og pedagogisk profil innanfor rammeplanen.
- Syte for at kvar barnehage har ein eigen styrar som er til stades og fylgjer opp det pedagogiske arbeidet.
- Sikre bemanningsnorma og auke pedagogtettleiken i barnehagane til minst to pedagogar per attande barn på storbarnsavdeling og per niande barn på småbarnsavdeling.
- Jobbe for at alle barnehagar, aktivitetsskular og skular skal ha tilsette som er kursa i å kjenne igjen teikn på sårbare born som lid under rus, vald eller psykisk uhelse i familien. Dei tilsette skal vita korleis dei kan tilby lågterskelhjelp som kan fremja familien sin evne til å forhindre at barnet sine problem veks seg store.
- Redusere dokumentasjons- og kartleggingspress for å sikre større vaksenkontakt og tid til fagleg planlegging
- Syte for at alle barnehageborn får frukt og grønsaker ein gong om dagen.
- Styrkje fagsentera i bydelane for å sikre at born med dårleg norsk språk og vedtak om tilrettelagd opplæring, nedsett funksjonsevne eller andre spesielle behov får eit relevant tilbod.
- Leggje til rette for at alle born i Oslos barnehagar blir kjende med friluftslivsmoglegheiter i Oslo og i eige nærmiljø, og syte for at barnehagar med mindre uteareal enn norma tilseier, får støtte til transport ut i skog og mark.

## Grunnskulen

Læreryrket er eit av dei viktigaste yrka i landet. Vi vil sikre ein god skulekvardag for alle Oslo-elevar og eit solid fundament for framtida i form av kompetente, reflekterte og aktive medborgarar, medmenneske, arbeidstakarar eller næringsdrivande. Vårt hovudmål for skulepolitikken i Oslo er å gje elevane lærarane deira tilbake.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Avvikle Osloprøvene.
- Jobbe for å senke klassestorleiken til maksimalt 20 i grunnskulen.
- Syte for at alle elevar som ynskjer det, skal ha leksehjelp gjennom heile grunnskulen, og at leksemengda er overkomeleg.
- Sikre elevane høve til å gå på nærskulen, og rett til å gå på same skule som syskena sine.
- Utarbeide fleirårsplanar for skulegrenser som sikrar føreseielegheit.
- Gje elevar med avgrensa norskkunnskapar omfattande og tilpassa oppfylging, spesielt på dei lågare trinna.
- Syte for at lærarar og assistentar som ikkje snakkar eller skriv godt norsk, får opplæring.
- Syte for at alle elevar får frukt og grønnsaker ein gong om dagen.
- Fremja bruken av fri programvare og opne filformat i skular og kommunale institusjonar.

## Tilpassa opplæring

Oslo-skulen skal vera stimulerande for alle elevar, både dei som føretrekkjer praktiske oppgåver, dei som ligg på eit anna fagleg nivå enn sine jamaldrande, og dei som treng særleg tilrettelegging av undervisninga.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Ha praktisk orienterte valfag ved alle Oslo-skular frå femte klasse.
- Syte for at både elevar med spesielle læringsutfordringar og elevar med spesielle talent i ulike fag får fagleg oppfylging på eige nivå, ved bruk av ressurspersonar i klasseromma, individuell oppfylging og samarbeid mellom skular.
- Gje fagstøtte og inspirasjon gjennom prosjekt som ENT3R og Lær Kidsa Koding, og støtte tilsvarande prosjekt retta mot elevar med talent i andre fag enn realfaga.
- Sikre at sjuke og funksjonshemja born skal få høve til å vera ein del av eit klassemiljø.

## Psykososial oppfølging

Altfor mange elevar slit i dag med psykiske problem. Det er uakseptabelt at det ikkje blir teke meir tak i dette, og det hindrar læring, men kan gjerast noko med. Vi vil sikre eit godt rammeverk rundt elevane, med den naudsynte kompetansen.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Sikre tilstrekkelege sosialpedagogiske ressursar i Oslo-skulen.
- Ha kvalifisert vaksentilsyn ute i alle friminutt.
- Syte for at helsesyster er til stades på skulen kvar dag i 100 % stilling, i tråd med Helsedirektoratets tilrådingar.
- Vidareføre SaLTos førebyggjande arbeid gjennom å styrkje samarbeid mellom politi, skule, barnevernstenesta og andre aktørar.
- Sjå på moglegheita for å flytta ansvaret for skulehelsetenesta frå bydelane til kommunalt nivå.
- Sikre auka fokus på psykisk helse i skulehelsetenesta, og jobbe for eit tettare samarbeid mellom skulehelsetenesta og eksterne tenester som BUP og Barnevernet.
- Innføre eit felles program i Oslo-skulen for dialogbaserte foreldremøte om born og unge si helse og psykososialt miljø på skulen.
- Auke kompetansen blant tilsette i skulehelsetenesta på LHBTQ+-spørsmål.

## **Demokrati og lovleg fråvær**

Oslo-elevar opplever ifylgje Elevundersøkelsen i mindre grad enn dei fleste andre fylke at skulen høyrer på forslag frå elevane. Miljøpartiet Dei Grøne vil styrkje elevdemokratiet og høvet elevane har til å påverke både skulekvardagen og samfunnet dei er ein del av.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Jobbe for at alle elevråd på Oslos ungdoms- og vidaregåande skular årleg skal kunna søkje om tilskot på opptil 5 000 kroner frå kommunen, til tiltak som gagnar elevane.
- Gje elevar i grunnskulen i Oslo høve til å ta inntil ti dagars permisjon etter søknad. Permisjon blir innvilga til samfunnsnyttig arbeid, kulturaktivitetar, idrett eller aktivitetar i familien.
- Motsetja oss forsøk på å innskrenke Oslo-elevane sine demokratiske rettar, som narkorazzia utan konkret mistanke om straffbare forhold.

## **Natur og rørsle**

Miljøpartiet Dei Grøne vil gje Oslo-elevane eigarskapskjensle til Oslomarka, Oslofjorden og øyane. Vi vil etablere fleire skulehagar der elevane får kjennskap til korleis matproduksjon går føre seg. Det er også viktig å leggje til rette for at barn får rørt på seg både på skulen og i fritida. Gode sykkelvanar vil bidra til å gje god helse og gode miljøvanar.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Syte for at alle skular har skulehagar på eller i gangavstand frå skulen, der elevane har ansvar for eigen matproduksjon.
- Syte for at Sommerskolen blir verande gratis, at alle som vil, får plass, og at informasjon om Sommerskolen til minoritetsgrupper held fram.
- Sikre at det held fram å vera tilbod om sumarleir på på Hudøy.
- Oppretthalde at å delta på leirskule skal vera for alle, uavhengig av familien si inntekt.

- Prioritere tiltak som bidreg til at alle lærer å sykle og symja i laupet av grunnskulen, inkludert symjing i fjorden.
- At elevane skal ha lov til å sykle til og frå skulen frå og med fyrste klasse, dersom det skjer saman med føresette. Skulen må ha tilstrekkeleg med sykkeloppstillingsplassar.

## Vidaregåande skular

Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer å oppretthalde fritt skuleval til vidaregåande skule. Alle elevar har krav på like god opplæring uavhengig av kva skule dei går på, noko finansieringssystemet må spegle av. Dette inneber at ordninga med stykkprisfinansiering av skulane må skiftast ut med ein finansieringsmodell som tek utgangspunkt i skulane sine faktiske kostnader. Attraktive skular i nabolaget vil redusere transportbehovet for reising. Vi ynskjer å styrkje rekrutteringa til yrkesfagleg utdanning og redusere fråfallet i vidaregåande skule generelt.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Innføre ein kostnadsdekkingsmodell der skulane får en viss sum per elev med vedtak om spesialundervisning.
- Utvide oppfylgingstenesta, mellom anna ved å etablere eit lærlingsenter der elevar og verksemder kan få rettleiing og koma i kontakt med kvarandre.
- Etablere fleire lærlingplassar i offentlege etatar. Styrkje satsinga på ungt entreprenørskap i alle vidaregåande skular i Oslo.
- Auke utstyrstipendet til yrkesfag, og sikre at skulane har velfungerande utstyr.
- Syte for at alle elevar som treng det, får psykososial oppfylging.
- Samarbeide med ungdomsråda i bydelane om å etablere aktivitetssområde tilpassa elevar i vidaregåande skulealder i alle bydelar.
- Førebyggje skulefråfall i vidaregåande skule ved å tilby nykomne innvandrarak høve til å ta ungdomsskulefag om att før dei startar med vidaregåande, i ein særskilt innføringsklasse.
- At elevar som står i fare for å falle frå, i større grad frå tilbod om alternative opplærings- og oppfylgingsmodellar. Pilotprosjekt som viser gode resultat, som Ny Sjanse og Losprosjektet, og samarbeidet med aktørar som Pøbelprosjektet og Kompass&Co, skal vidareførast og vidareutviklast.



## 8. DEN KOMPakte, KLIMANØYTRALE BYEN

Byutviklinga påverkar oss som bur i byen og dei mange som flyttar hit. Dei fleste av oss opplever byen fyrst og fremst ikkje inni, men innimellom husa. Her finst mange viktige vegval, som plassering av nye bydelar og fortettingsområde, ditt eige høve til å byggje på huset eller kva slags husvære som skal byggjast i nye bustadområde.

Det er dei som bur i byen, som skal vera med på å skapa han. Alle skal ha rett til medverknad og lokaldemokrati. I dag er det slik at innbyggjarane ofte føler seg overkøyrde i byutviklingssaker, særleg i eige nærmiljø. Vi vil jobbe spesielt for å styrkje naboar, born og unge og minoritetar sine reelle moglegheiter for medverknad. I Oslo, som hyser mange viktige offentlege institusjonar, bør dette også gjelde statlege byggjeprojekt.

Oslo veks, det blir bygt mange nye bygningar, og vi blir fleire innbyggjarar. Noko av veksten kjem i nye byområde langs vatnet og i utkanten av sentrum, men Oslo er også ein by der det er rom for fortetting andre stader. Fortetting kan og må skje på innbyggjarane sine premisser, både med tanke på estetikk, grøntareal, møteplassar, og så bortetter.

Bevaring og gjenbruk av eksisterande bygningsmasse er god miljøpolitikk, og det er viktig å ta vare på dei kvalitetane som finst i den historiske byen. Det gjeld både einskildbygg og område av byen som har spesielle kvalitetar. Byggjebransjen er blant dei største kjeldene til utslepp av klimagassar. Vil vil leggje til rette for ein by som kan effektivisere energiforbruket.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Skape kompakte lokalsenter i eksisterande og nye byområde, med ei blanding av bustader, arbeidsplassar og tilbod i tilknytning til kollektivknutepunkt.
- Etablere ein kommunal arkitekturpolitikk med tydelege mål for klima, estetikk og livskvalitet.
- Gjennomgå reglane for kunst, bymøblar, arkitektur og bruk av grønne element i gater og plassar, med mål om å syte for at den kompakte byen er ein opplyftande og god stad å leve, også visuelt.
- Leggje til rette for småskala næring og urbant jordbruk som ein del av byutviklingspolitikken.
- Forme ut eit forpliktande interkommunalt plansamarbeid.
- Jobbe for at private utbyggjarar i større grad bidreg til grøntstrukturen i byen når tomter blir bygde ut. Dette kan mellom anna gjerast ved at kommunen stiller krav om ein viss kvalitet av grønt og pålegg utbyggjarar å bruke blågrøn faktor-verktøyet som er utarbeidd av Framtidens Byer.

## Tettare og grønare

Vi vil leggje til rette for meir fortetting rundt kollektivknutepunkta for å forsterke overgangen til ein by utan fossil privatbilisme. Vi vil også leggje til rette for at stadene som blir fortetta, får ei god blanding av ulike funksjonar, slik at vi ikkje lagar nye drabantbyar, men kompakte lokalsamfunn der ein kan både bu og jobbe. Slik vil vi ikkje berre redusere den totale pendlinga, men også leggje til rette for gode liv.

Miljøpartiet Dei Grøne meiner ein bør fokusere på å skapa kompakte og levande byområde der livskvalitet står i fokus. Vi vil jobbe for ein heilskapleg fortettingsstrategi som tek omsyn til natur- og kulturverdiar. Vi er for høghus av høg arkitektonisk kvalitet, som samspeler positivt med byromma rundt, og som betrar bymiljø og bidreg til det biologiske mangfaldet i byen.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Fortette i indre by.
- Utvikle nye kompakte byområde.
- Fjerne privatbilar og parkeringsplassar og skapa grønne byområde.
- Senke kravet til talet på parkeringsplassar i parkeringsnorma for nye byggjeprojekt, og påleggje at eit minimum talet på plassar vert haldne av til elbilar og bildelingsordningar.
- Ruste opp botnen av Groruddalen med moderne miljøvenleg busetnad.
- Fortette rundt kollektivknutepunkta.
- Støtte ordningar for resirkulering og gjenbruk av byggjematerialar.
- Jobbe for å flytte Oslo fengsel ut av sentrum og leggje til rette for ein variert etterbruk av bygga til kulturelle og sosiale føremål.

## **Gode bustader til alle**

Oslo er ein by med ein pressa bustadmarknad som er utfordrande for mange. Oslo har den største studentbefolkninga i landet, noko som legg eit ekstra press på bustadmarknaden i byen. Miljøpartiet Dei Grøne vil ha fleire studentbustader, og opprette ei kommunalt ått sosial bustadstifting som har som føremål å byggje bustader for økonomisk vanskelegstilte. Stiftinga vil ha som hovudoppgåve å tilby bustader til dei som har rett på støtte eller tildeling av bustad. Vi i Miljøpartiet Dei Grøne vil leggje til rette for nabolag med all slags folk overalt i byen. Det inkluderer også meir fleksible buformer enn i dag, med husvære som er tilpassa deling og fellesskap mellom fleire. Nye bygg skal byggjast av miljøvenlege materialar med lang levetid, og med fleksible planløysingar.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Opprette ei sosial bustadstifting der kommunen er deleigar.
- Syte for ei husværenorm som styrkjer variasjonen i bustadmarknaden.
- Leggje til rette for meir fleksible buformer, som bufellesskap og kollektiv.
- La tomme kommunale hus brukast mellombels som bustader.
- Oppretthalde Futurebuilt-ordninga.
- Tilby Studentsamskipnaden gratis tomter til bygging av 2 000 studentbustader.

## **Ein mangfaldig by**

Oslo er eit lappeteppje av små strog og nabolag. Dette mangfaldet er eit godt utgangspunkt for å skapa ein by som har plass til alle. Då er det også viktig at det blir laga gode offentlege plassar og gater. Vi vil ha trivelege lokale handlegater, ikkje avsidesliggjande kjøpesenter som gjev meir unaudsynleg biltrafikk. I byområde som er under utbygging eller planlegging, meiner vi at det bør setjast til side areal som er øyremerkt pilotprosjekt for alternativ byutvikling i kommunal regi, til dømes for å utforske energieffektivisering, lokal matproduksjon eller styrkt lokal medverknad.

Vi vil også støtte opprettinga av lokale intitiativ som søker å endre byen i ei meir miljøvenleg og sosial retning. Innbyggjarinitiativa på Tøyen og Omstilling Sagene er to døme.

#### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Innføre fleire forsøksområde for alternativ byutvikling.
- Støtte lokale omstillingsinitiativ.
- Støtte fotgjengarbasert næringsliv.
- Styrkje lokal handelsstand.

## **Ein ny byakse: frå Vippetangen til Grünerløkka**

Oslo har opplevd ei monaleg satsing langs sjøfronten det siste tiåret. MDG ynskjer å forankre sjøfronten innover mot andre delar av sentrum. Kirkegata kan bli akse som knyter sentrumsdelane saman på ein ny måte. Med ein nord-sør-akse vil dei nye, vitale områda langs Akerselva og Grünerløkka kunna koplast opp mot ei satsing på Vippetangen. I forgreiningane til denne akse vil det kunna etablerast bustader og menneskelege rom også for barnefamiljar. Med eit slikt grep vil ein få i gang ein naudsynt opptur for viktige delar av Kvadraturen.

#### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Få utarbeidd ein moglegheitsstudie mellom eigeidomsigarane, næringslivet og kommunen for korleis ein kan leggje opp til ein samanhengande profil for denne akse. Oslos kulturaktørar må trekkjast med i arbeidet.
- Sjå satsinga på Vippetangen i samheng med ein nord-sør-akse når ein skal avgjere kven og kva som skal etablerast i området.
- Trekkje inn den beste kompetansen på grøntstrukturplanlegging når gatelaupet skal utformast for gåande og naudsynt vareteneste.
- Ha som ambisjon at denne akse skal bli det beste gatelaupet for born å røra seg i for Oslo sentrum.
- Leggje til rette for at sidegater kan bli attraktive for bustadbygging og transformasjon til bustad for barnefamiljar. Dette vil vera særleg viktig når det gjeld Kvadraturen.

## **Ein klimavenleg kommunal arkitekturpolitikk**

Oslo kommune er ein stor byggherre og eigeidomsigar. Vi meiner at kommunen bør ha ein ambisiøs arkitekturpolitikk som legg til rette for arkitektur av høg kvalitet med høge klimamål. Kommunen bør også unngå mellombelse bygg, som i barnehagesektoren. Vi meiner at ingen kommunale bygg skal stå tomme. Plan- og bygningsetaten utarbeidde eit forslag i 2013 for ein kommunal arkitekturpolitikk. Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeide for å revidere og vedta dette dokumentet.

#### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- At kommunale nybygg skal ha passiv- eller plusshusstandard eller tilsvarande, og at gamle bygg i kommunalt eige reduserer energiforbruket sitt.
- Jobbe for betre inn klima i kommunale bygg.
- Opprette eit byarkitektkontor leidd av ein byarkitekt.

- Opprette eit kommunalt kvalitetsprogram for arkitektur.
- Leggje til rette for bygging av kommunale plusshus gjennom FutureBuilt-programmet.
- Støtte plusshus og lågenergibygg gjennom prioritert sakshandsaming.
- Leggje til rette for å rehabilitere og ta vare på eksisterande bygningsmasse, både av omsyn til ressursbruk og kulturminnevern.
- Revidere skilt- og reklameplanen for Oslo, med eit mål om å redusere eksponeringa for utandørsreklame.

## Medverknad i byplanlegging

Byutvikling er ein god arena for å utvikle eit sterkare lokaldemokrati. Vi vil jobbe for å etablere eigne retningslinjer som skildrar korleis innbyggjarane i byen skal takast med på råd i plan- og byggjesaker. Dei kan innehalde forslag til tiltak, som planverkstad, ope kontor og andre former for medverknad, og dei skal innehalde retningslinjer for korleis innspel og protestar skal vera med på å påverke utviklinga. Det må vera eit hovudprinsipp at lokalbefolkninga ikkje berre skal orienterast om utviklinga, men vera med på å forme henne.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Be Plan- og bygningsetaten om å utarbeide nye retningslinjer for medverknad.
- At lokaldemokratiet skal vera med på å forme kommunale byutviklingsprosjekt.
- Styrkje bydelane si involvering i planprosessar.

## 9. BYEN MED DET STORE HJARTET

Oslo er ein hovudstad prega av store sosiale, økonomiske og helsemessige skilnader. Byen har blant dei best utbygde helseinstitusjonane i landet, men likevel har vi ei stor oppgåve i å sikre at dei svakaste blir tekne vare på.

For å oppretthalde ei god folkehelse krevst satsing på førebygging framfor behandling. Det inneber fleire lågterskeltilbod, auka fokus på psykisk helse og meir oppsøkjande verksemd blant ressursvake grupper. Helse- og sosialpolitikken lyt byggjast på ei grunnleggjande forståing og respekt for kvar person sin individuelle situasjon.

## Aktiv og sosial alderdom

Fleire eldre ynskjer å bu heime så lenge som råd, og dette må leggjast til rette for. Dei Grøne vil styrkje sosiale tiltak og tiltak som oppfordrar til fysisk aktivitet, særleg i område med mange eldre minoritetspersonar.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Auke fleksibiliteten i heimetenesta.
- Auke informasjonen om kommunalt finansiert tilrettelegging av heimar for eldre.
- Tilby alle over 70 førebyggjande fastlegebesøk eller heimebesøk av sjukepleiar annakvart år.
- Styrkje sosiale tilbod og tilbod om fysisk aktivitet for eldre.
- Styrkje tilboda for aldrande minoritetspersonar.
- Undersøkje høvet for å opprette ei gratis fiksarteneste for alle over 67 år, etter modell frå Göteborg.
- Behalde og vidareutvikle tilbodet Den kulturelle spaserstokken.
- Støtte ordninga 60+, som gjev mange eldre høve til å delta i aktiv trim.

## Integrering

Oslo er ein mangfaldig og raus by, der det multikulturelle aspektet er ein styrke og ein viktig verdi. Dette må vi byggje vidare på, og vi må syte for å vera ein by der alle har like moglegheiter og opplever at dei får bidra til fellesskapet. I dag finst det framleis mange strukturelle og sosiale hindringar for god integrering, som vi må jobbe aktivt for å byggje ned, mellom desse systematisk barnefattigdom og hindringar for å koma inn på arbeidsmarknaden.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Sikre at fleire innvandrarar kjem inn på arbeidsmarknaden, ved at personar med svake norskkunnskapar får tilgang til fleire typar yrkesretta norskkurs.
- At ungdomar med minoritetsbakgrunn i særskilt grad skal fylgjast opp om dei droppar ut av vidaregåande skule, for å bidra til at dei kjem seg inn på arbeidsmarknaden og får ei aktiv og deltakande rolle i samfunnet.
- At skular med høg del minoritetsspråklege skal få ekstra støtte til leksehjelp. Dette kan gjerast i samarbeid med både skular og lokale frivillige aktørar.
- Skalere opp satsinga på entreprenørskap og jobbskaping blant innvandrarar ved å utvide tilboda ved Flerkulturelt Etablersenter i Groruddalen og etablere liknande tilbod i Indre Oslo Øst og i Oslo Sør.
- Tilsetje fleire personar med minoritetsbakgrunn i barnevernet, fokusere på å rekruttere fleire fosterfamiliar med minoritetsbakgrunn og starte pilotprosjekt med å bruke storfamiliar/slektningar til plassering av fosterborn, i tett dialog mellom foreldre og barnevern.
- Leggje til rette for at fleire innvandrarar og flyktningar, spesielt eineforsørgjarar, kjem inn på bustadmarknaden.

## Ein trygg hovudstad

Oslo skal vera ein trygg by for alle innbyggjarane. Den beste måten å unngå kriminalitet på er å førebyggje det. Difor må Oslo og Oslo-politiet framleis prioritere oppsøkjande verksemd, betre opplyste offentlege område og politibesøk på skular.

Noreg er blant verdas mest jamstilte land. Likevel opplever eit stort tal på menneske seksuell vald og vald i nære relasjonar, og framleis er menneske truga av tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Visse grupper opplever mindre forståing frå samfunnet når dei blir utsette for overgrep og vald. I tillegg blir lesbiske, homofile, bifile og transkjønna personar råka av diskriminering.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Støtte og auke løyvingane til førebyggjande og oppsøkjande tiltak mot kriminalitet, som Natteravn-tenesta, betre opplyste parkar og politibesøk på skular.
- Styrkje samtykkebasert førebyggjande opplæring om valdtekt i skulen.
- Vidareføre og utvikle informasjonsarbeidet i skulen og på offentlege arbeidsplassar om tvangsekteskap og kjønnslemlesting.
- Ha auka opplæring i fleirkulturell kompetanse i helsevesenet, politiet, blant sosialarbeidarar og lærarar.
- Auke opplæringa i helsevesenet og politiet om valdtekt og vald i nære relasjonar, særleg rundt utsette grupper, som sexarbeidarar, og LHBTQ-personar. **Opplæringa må vera normkritisk og gje kunnskap om atypiske forhold, til dømes menn som overgrepsoffer.**
- Sikre tilstrekkeleg løyving til helsestasjonen for LHBTQ-ungdom.
- Jobbe mot ei generell væpning av politiet i Oslo.
- Gje ressursar til Oslo politikammer for at dei skal kunna gå i tett dialog med Oslo-skulen, ungdomsklubbar og andre arenaer for born og unge i byen.

## Førebyggje radikalisering

I eit nytt verdsbilete der terror kan skje midt i blant oss, er det viktigaste å arbeide førebyggjande. Radikalisering byrjar ofte med sosialt utanforskap og ei jakt på tilhøyrsløse og fellesskap. Det er viktig å fange opp faresignal i tide og ha føremålstenlege løysingar for handa for å fylgje opp dei det gjeld.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- I størst mogleg grad fange opp ungdom og unge vaksne gjennom utdanning, arbeid eller alternative prosjekt som blir opplevde som relevante og gjevande.
- Starte prosjekt med lokal førebyggingskoordinator med fokus på ekstremisme i kvar bydel, som fungerer som kontaktpunkt mellom ulike organiserte og uorganiserte møteplassar i bydelane, trussamfunn, bydelen sitt førebyggjande arbeid og politiet, og som tidleg kan fange opp einskildpersonar eller miljø i faresona.
- Etablere telefonteneste for personar som fryktar at familiemedlemer er i ferd med å bli radikalisererte, og program for oppfølging av slike tips.
- Utvikle exit-strategiar for å hjelpe folk med å koma seg ut av ekstremistiske miljø.

- Etablere tett samarbeid mellom fengselsvesenet, friomsorga og relevante eksterne miljø for å fylgje tett innsette som i laupet av eit fengselsopphald viser teikn til radikalisering. Laga handlingsplan mot radikalisering i fengsel.

## Frivilligheit

Frivillig arbeid er ein massiv ressurs for samfunnet og gjev auka livskvalitet og sosial utvikling til einskildmenneske og lokalsamfunn. Difor er det viktig å styrkje frivillig arbeid og frivillige organisasjonar i Oslo.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Sikre løyvingane til frivillige organisasjonar som arbeider med sosiale utfordringar i Oslo.
- Sikre at alle bydelar har lokale tilgjengeleg for organisert frivillig aktivitet.

## Omsorg og behandling

Omsorgs- og helsetilbodet i Oslo har store utfordringar. Det er per i dag mangel på faglært og høgskuleutdanna helsepersonell. I tillegg har konkurranseutsetjing skapt eit høgt press for å redusere utgiftene til lønsmidlar, som kan gje dårlegare vilkår for tilsette, brukarar og pasientar.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Styrkje rekrutteringa til sjukepleiarutdanninga.
- Auke talet på faglærte eller høgskuleutdanna i eldreomsorga og heimetenesta.
- Opprette fleire deltidsplassar ved sjukepleiarutdanninga.
- Gjera det enklare å kombinere vidareutdanning i helsevesenet med jobb.
- At eldre pasientar, så langt det er mogleg, skal sleppe å måtte byte sjukeheim eller avdeling.
- Prioritere ideelle aktørar framfor kommersielle i anbudsrundar for kommunale helse- og sosialtenester.
- Jobbe for at Oslo kommune aktivt hentar inn brukarperspektiv i arbeidet med utviklinga av helse- og sosialtenester.
- På sikt avvikle kommersiell drift av kommunale helse- og sosialtenester.
- Syte for at pårørande får naudsynt støtte i omsorgsrollene sine. Det skal vera fokus på å førebyggje pårørande sine eigne helseproblem, slik at dei kan meistre rollene sine utan sjølv å bli sjuke.
- Styrkje bidraget til førebyggjande tiltak ved det kommunale pårørandesenteret (PIO).
- Utvikle eit prøveprosjekt med LHBTQ+-sertifisering av fastlegar, helsestasjonar og skulehelsetenesta, etter modell frå Sverige.
- Gjenopne Aker sykehus som lokalsjukehus for Groruddalen.

## Medmenneskelegheit i sentrum

Utsette grupper, som **aktive narkomane**, fattige tilreisande, rom, psykisk sjuke og minoritetar opplever ofte å bli svikta i møte med det offentlege systemet. Alle i Oslo skal kunna få dekt

grunnleggjande menneskelege behov: mat, ein dusj og tak over hovudet. Kommunen må styrkje dei oppsøkjande tenestene sine.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Auke støtta til overnattingstilbod for fattige tilreisande.
- Gå mot tiggeforbod og oppheve forbodet mot å sova utandørs.
- Opprette eit eige overdoseteam i Oslo, etter modell frå Trondheim.
- Støtte helsetenesta for papirlause innvandrara.
- Styrkje oppsøkjande tenester i psykisk helse og rusomsorg.
- Opprette fleire behandlingsslassar og lågterskeltilbod innan psykisk helse og rusomsorg.
- Auke kompetansen på psykisk helse, spesielt innan eldreomsorg.
- Jobbe for lågterskeltiltak i kommunal regi, som kan bidra til betring og auka meistring av lettare psykiske lidingar. Døme kan vera stressmeistringskurs eller «Rask psykisk helsehjelp» etter modell frå pilot i Frogner og Søndre Norstrand bydelar.
- Støtte initiativ og innovasjon på feltet førebygging av tilbakefall av psykiske lidingar og/eller rusmisbruk, og gode modellar for å tilby hjelp tidleg.
- Utvikle ein heilskapleg ny strategi for arbeid med rusavhengigheit i samarbeid med dei narkomane sine organisasjonar, med fokus på skadereduksjon og medmenneskelegheit.
- Arbeide for at Oslo skal starte eit forsøksprosjekt med lettare tilgang til legemiddelassistert rehabilitering (LAR), som også inkluderer heroinassistert rehabilitering for dei tyngste avhengige.
- Vidareføre ordninga med sprøyterom og opne eit nytt røykerom.
- Doble talet på flyktingar Oslo vil busetja årleg, til 1 000 flyktingar i året.

## **Lågare tersklar i arbeidslivet**

Personer som fell utanfor arbeidslivet, slit ofte med å koma seg inn igjen. Slik oppstår ein vond sirkel.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Opprette finansielle insentiv til sosialt entreprenørskap.
- Vidareføre og utvikle den kommunale traineeordninga for funksjonshemja.
- Vurdere forsøk med auka rett til eigenmelding ved sjukdom, etter modell frå Mandal.
- Tilby norskopplæring til arbeidssøkjara med manglande norskkunnskapar.
- Jobbe for at Oslo kommune skal ha ein innovativ tilsetjingspolitikk, med meiningsfylte og fleksible stillingar til personar med særlege vanskar med å få innpass på den ordinære arbeidsmarknaden.

## **Dyrevelferd**

Norsk lov stadfester dyrs eigenverdi, men dette blir i liten grad fylgt opp i praksis. Dyr har eigenverdi utover nytte for oss menneske, og har på same måte som menneske evne til å kjenne smerte. Dette må det takast omsyn til i praktisk politikk.



**Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Auke kompetansen hjå helsepersonell rundt dyremishandling.
- Oppfordre hunde- og katteeigarar til ID-merking av dyra sine, og stimulere til kastrering/sterilisering av kattar som fer fritt utandørs.
- Auke støtta til hjelpesenter for mishandla og heimlause dyr, som FOD-garden.
- At Oslo kommune innfører kjøtfri dag ved alle institusjonane og tilsettkantinene som er knytte til kommunen.

## På lag med dei sosiale entreprenørane

Miljøpartiet vil at offentleg og privat sektor begge skal vera pådrivarar for nye miljøvenlege løysingar. Samlenemninga sosialt entreprenørskap handlar om alle måtane gründerar og private selskap kan gå føre for å finne nye måtar å utnytte ressursane våre på, på måtar som skaper eit varmare og meir miljøvenleg samfunn. Døma i Oslo er stadig fleire, frå Epleslang til =Oslo og Fretex.

**Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Sikre stabile rammer for verksemder som ynskjer å satse på sosialt entreprenørskap, og leggje til rette for at dei blir økonomisk sjølvberande verksemder.

# 10. NÆRINGSPOLITIKK FOR DET GRØNNE SKIFTET

Næringslivet er ein av dei viktigaste motorane som driv utviklinga framover, og det er eit godt fungerande næringsliv som skal syte for at vi har arbeidsplassar og skatteinntekter når byen vår veks med fleire hundre tusen innbyggjarar i åra som kjem. Dette gjeld både dei grønne verksemdene og dei verksemdene som ikkje er dårlege for miljøet.

Vi skal gje næringslivet gode og langsiktige rammevilkår for drift.

## Gründerstimulering

Oslo er ein by med høgt kunnskapsnivå, mykje kreativitet og mange driftige gründerar. Vi vil syte for at det er god grobotn for ein yrande underskog av gründerverksemder, og at vi har mekanismar for å fange opp dei med dei beste ideane og høge ambisjonar for å vidareutvikle forretningsideane sine.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Styrkje nettverka av gründerverksemder, dei såkalla gründerhubane, med kapital og kompetanse, til dømes gjennom arbeidet til Oslo Business Region.
- Laga eit system for tilgjengelege, tomme lokale for kortidsleige, også kalla popupkontor, som kan nyttast av unge verksemder. Systemet burde både omfatte kommunen sine egne lokale, men også andre lokale som står tomme.
- Gje bydelane insentiv for å tilby lokale til unge gründerar.
- Styrkje det regionale innovasjonssamarbeidet gjennom RIP-programmet.
- Stimulere til større utveksling mellom gründermiljø i Oslo og utlandet.
- Styrkje Oslos næringsutviklingsprogram slik at unge verksemder kan få auka kompetanse til å utvikle forretningsmodellane sine.
- Styrkje Oslos næringsutviklingsprogram slik at unge verksemder kan få hjelp til å finne ny leiing etter den fyrste gründerfasen - både til dagleg drift og styreleiing.
- Arbeide for at ein større del av Innovasjon Noregs midlar går til verksemder i Oslo.

## Bærekraftig finansklyngje

Både Oslo, Noreg og verda treng ei finansnæring som fokuserer på at investeringane dei gjer, skal vera bærekraftige. I Oslo finst det gode føresetnader for å danne ei næringsklyngje rundt bærekraftig investering. Ei næringsklyngje for bærekraftig finans vil stimulere Oslos eige næringsliv, men også vera eit utstillingsvindaug for verda når det gjeld bærekraftig finansverksemd.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Stimulere til å bringe verdas finanskompetanse til Oslo.
- Syte for open flyt av kunnskap frå forskingssenteret til verksemdene i klyngja.
- Syte for at dei meir kortsiktige investeringane, venturekapitalsektoren, også er representert i næringsklyngja.

## Fleire næringsklyngjer

Næringsklyngjer er strukturar der etablerte forskingsmiljø, nyetableringar, utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø jobbar saman for å utvikle nytt næringsliv. Oslo har mellom anna føresetnader for å bli ein kompetanseregion innanfor miljøteknologi og utprøving av nye løysingar. Men det finst også andre potensielle løysingar for klyngjeløysingar i Oslo-området.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Leggje til rette for fleire og sterkare forskingsmiljø i Oslo-regionen og stimulere til auka kunnskapsutveksling mellom desse og næringslivet.
- Stimulere til ei «nærings-kulturklyngje» basert på kulturelle gründerhubar og samarbeid mellom organisasjonane i kulturlivet. Dette vil vera med på å vidareutvikle Oslo som ein attraktiv kultur-, festival- og utelivsby, og dimed bidra positivt til resten av næringslivet og gjera Oslo til ein endå meir spanande og attraktiv by å bu i.

## **Offentlege innkjøp – grøn suksess gjennom samarbeid**

Oslo kommune kjøper inn for milliardar kvart einaste år. Dimed påverkar kommunen sine val av innkjøp næringslivet i stor grad. Den politiske viljen til grønne innkjøp er til stades, men i praksis har Oslo kommune framleis mange hindringar igjen før innovative innkjøp er norma, ikkje unnataket. Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer å endre Oslo kommune sine innkjøpsreglar slik at dei stimulerer til grønare innkjøp – sjølv når det klimavenlege alternativet ikkje er billegast. Målsetjinga er at klimaomsyn er eit overordna krav i Oslo kommune.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- At Oslo skal bli ein føregangskommune for smarte og grønne innkjøpsordningar. Det er eit krevjande arbeid som kryssar fleire sektorgrenser. Men effektane av det vil vera ein styrke både for Oslos miljøtsatsing og for Oslos næringsliv, og ein verdifull kunnskap å dele med andre kommunar.
- At Oslo kommune i større grad skal nytte seg av metoden for såkalla innovative innkjøp. Det vil seia at ein presenterer behov for marknaden og får forslag til løysingar før ein legg ut eit anbod. Då kan ein oftast få betre løysingar enn bestillaren kunne tenkt ut sjølv. NHO har gode studiar på denne metoden og meiner at han er eit godt verkemiddel for å stimulere gründerar og grønne verksemder.

## **Forsking og innovasjon**

Oslo hyser nokre av dei viktigaste forskingsmiljøa i Noreg og er attraktivt for gründerar. Dette gjev eit unikt høve til å utvikle nye næringar og skapa meir klimavenlege arbeidsplassar, særleg dersom kommunen legg til rette for det.

### **Miljøpartiet Dei Grøne vil:**

- Etablere eit utvida inkubasjonssenter for verksemder i oppstartsfasen, med tilgang til billeg rekneskapsførar, hjelp til søknadsarbeid og juridisk assistanse. Leggje til rette for auka samarbeid mellom skular og forskingsmiljø, mellom anna ved å gje elevane høve til å reise på laboratoriebesøk og ha forskingsprosjekt på eiga hand.
- Vera ein aktiv forkjempar for at forskingsinstitusjonar i Oslo får den tekniske infrastrukturen dei treng.

- Bidra til samarbeidet mellom kommune og forskingsinstitusjonar gjennom jamlege møte med både politisk leiing og administrasjon.
- Gjera alle kommunale data tilgjengelege for ålmenta under ein fri lisens eller utan opphavsrettsleg vern, så sant det ikkje går utover personvern eller tryggleiken for riket.
- Sikre god tilgang til fibernett for gründerverksemder og forskingsinstitusjonar.